Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
02.09.2016
Dykkar dato
24.08.2016

Vår referanse
2016/11055 421.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

## Lindås - Gnr. 234 bnr. 99 - Eide ytre - Uttale til dispensasjon for oppføring av naust og flytebrygge

Vi viser til brev frå kommunen av 24.08.2016. Saka gjeld søknad om dispensasjon og løyve til etablering av naust og flytebrygge. Tiltaket krev at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og føremålet bruk og vern av sjø i kommuneplanen sin arealdel, vidare krev tiltaket at det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8.

**Fylkesmannen si vurdering**
Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det føremålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine føremål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Eigedomen vart etablert som nausttomt i 2013 og ligg i eit etablert naustmiljø. Fylkesmannen har ingen merknader til etablering av naust her, så lenge storleiken på naustet er i tråd med arealdelen av kommuneplanen.

Det ligg fleire naust i området. Desse har i hovudsak ikkje flytebrygge. Fylkesmannen meiner på bakgrunn av dette at faren for presedens ved dispensasjon til flytebrygge er stor og kan vere med på å undergrave kommuneplanen som styringsverkty.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til flytebrygge.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*